

VENSTRE
Hordaland



Protokoll

frå årsmøtet i
Hordaland Venstre

10. - 11. februar 2018

Thon Hotel Bergen Airport

Gunn-Vivian Eide

Årsmøtevald protokollsignatar

Bjørn Tore Sund

Årsmøtevald protokollsignatar

Laurdag

Møtet starta 11:00

ÅM-1 Opning

Kulturelt innslag ved *Elisabeth Vannebo* på tuba
Helsing frå Bergen Venstre ved leiar *Jo Lerheim*
Helsing frå byråd for byutvikling, *Anna Elisa Tryti* (A)

Opning ved leiar i Hordaland Venstre, *Idun K. Bortne*

Namneopprop. *Sjå eiga delegatliste*

ÅM-2 Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjend. *Sjå Årsmøteinnkalling og Møtebok 2*

ÅM-3 Godkjenning av program

Godkjend. *Sjå Møtebok 2*

ÅM-4 Godkjenning av forretningsorden

Følgjande endring blei foreslått av *Andreas Myrseth Kolstad*:
Under «Om den generelle avviklinga av debatten», leggje til eit punkt nr. 5 som lyder slik:
«Valnemnda sine medlemmer har talerett under handsaminga av saker der det føreligg ei innstilling frå valnemnda».

Tillegget blei vedteke.

Forretningsorden godkjend med denne endringa. *Sjå Møtebok 2*

ÅM-5 Konstituering

Fylkesstyret hadde komme med følgjande framlegg:

Møtedirigentar:

Pia Kleppe Marken (leiar), *Idun K. Bortne*, *Sondre Hansmark Persen*, *Ingrid Nergaard Fjeldstad*, *Peder Lofnes Hauge* og *Alf Helge Greaker*

Fullmaktsnemnd: *Kari Østervold Toft*, *Bård Mangerøy* og *Heine Johansen*

Referentar:

Laurdag: *Andreas Myrseth Kolstad* og *Ingrid Kvia Reime*
Søndag: *Lene Hatlem Søvik* og *Kjersti Brevik Møller*

Sekretærer: *Gro Gjelsvik*, *Elizabeth Toft Erichsen* og *Tobias Bashevkin*

Teljekorps: *Bård Mangerøy* (leiar), *Galo Austegard* og *Guro Betten*

Signatarar: *Gunn-Vivian Eide* og *Bjørn Tore Sund*

Alle dei innstilte valde.

Eventuell supplering av redaksjonsnemnda: Det var ikkje aktuelt med supplering

Følgjande redaksjonsnemnd for politiske fråsegner blei vald på årsmøtet i 2017:

Åsta Årøen (leiar), Anne-Beth Njærheim og Tobias Bashevkin.

Rolf Nesheim og Elizabeth Toft Erichsen blei valde som vara.

Agnes Hoshovde Bernes var Hordaland Unge Venstre sin representant i nemnda og

Trude Sletteland var Hordaland Venstrekvinnelag sin representant.

Tobias fungerte som både medlem av og sekretær for nemnda.

Pia Kleppe Marken og Alf Helge Greaker tok plass ved møteleiarbordet

ÅM-7 Årsmelding og rekneskap 2017

Fylkesleiar Idun Bortne la fram årsmeldinga og rekneskapen for 2017.

Terje Breivik fekk ordet for å kommentere.

Årsmelding og rekneskap godkjend. *Sjå Årsmelding - eige dokument - og Møtebok 2*

Fullmaktsnemnda hadde nå sett gjennom alle fullmakter og representasjonsretten til dei påmelde delegatane. Kari Østervold Toft presenterte fullmaktsnemnda si innstilling og årsmøtet godkjende dei påmelde delegatane – totalt 108. På dette tidspunkt var det 104 delegatar til stades i salen og 4 skulle komme seinare på dagen eller søndag.

ÅM-13 Fråsegner *Sjå Innkomne framlegg til fråsegner*

Leiar av redaksjonsnemnda, Åsta Årøen la fram nemnda si innstilling til kor mange fråsegner som skal handsamast. Nemnda hadde innstilt på å handsame 4 (fire) fråsegner. Følgjande hadde ordet til debatt om talet på fråsegner: Kjell Alvheim, Torstein Gunnarson, Astrid Hårstad (replikk), Ingrid Fjellstad(r), Gunn-Vivian Eide.

Forslag frå Torstein Gunnarson: Før vedtak om talet på fråsegner, blir det halde ei prøvevotering. Alle kan røysta 3 gangar.

Forslaget blei avvist.

Forslag frå Gunn-Vivian Eide: Årsmøtet får vite kva fråsegner redaksjonsnemnda innstiller på å handsame på før talet på fråsegner voterast over.

Forslaget blei vedteke.

Åsta Årøen la fram redaksjonsnemnda si innstilling til kva fråsegner som bør handsamast av årsmøtet: Forslag nr. 9 - «Hordaland Venstre krever at regulering av rusmidler utredes», nr. 14 (omarbeidd versjon B) - «Ein sterk vestlandsregion», nr. 2 (omarbeidd versjon A) - «Terskelen til arbeidslivet må senkast» og nr. 8 - «Ut med moms - inn med bærekraft».

Tal på fråsegner:

Nemnda si innstilling: handsame 4 (fire) fråsegner.

Alternativt forslag: handsame 5 (fem) fråsegner.

Alternativt forslag: handsame 6 (seks) fråsegner.

Det blei vedteke å handsame 5 (fem) fråsegner.

Kva fråsegner:

Følgjande hadde ordet i prioriteringsdebatten: Kjell Alvheim, Torstein Gunnarson, Kristian Østrem, Erling Birkeland (replikk), Kristian Østrem (svarreplikk), Christer M.L. Bendixen, Geir Angeltveit, Vidar Pedersen, Sondre H. Persen.

Det blei vedteke å handsame forslag nr. 9: «Hordaland Venstre krever at regulering av rusmidler utredes».

Det blei foreslått å handsame forslag nr. 16 frå Trøndelag Venstre om havbruk i staden for nr. 14B om vestlandsregionen.

Det blei vedteke å handsame forslag nr. 14B om vestlandsregionen.

Som alternativ til forslag nr. 2 om terskel til arbeidslivet, blei det både foreslått å handsame forslag nr. 7 om sjølvstendig tenking og nr. 5 om kjøtproduksjon.

Årsmøtet voterte først over kva av desse forslaga som skulle setjast opp mot forslag nr. 2.

Forslag nr. 7 vant over nr. 5. i denne voteringa.

Forslag nr. 7 blei så sett opp mot forslag nr. 2.

Det blei vedteke å handsame forslag nr. 2 om terskelen til arbeidslivet.

Som alternativ til forslag nr. 8 om moms, blei det både foreslått å handsame nr. 3 om mobbing og nr. 12 om vidareutdanning av lærarar.

Årsmøtet voterte først over kva av desse forslaga som skulle setjast opp mot forslag nr. 8.

Forslag nr. 12 vant over nr. 3. i denne voteringa.

Forslag nr. 12 blei så sett opp mot forslag nr. 8.

Det blei vedteke å handsame forslag nr. 8 om moms.

Som den femte fråsegna kom det tre forslag: å handsame forslag nr. 15 om samferdsle, nr. 13 om forventningar til regjeringa og nr. 4 om borgarløn.

Første voteringsomgang: forslag nr. 15 fekk 18 røyster, nr. 13 fekk 44 røyster og nr. 4 fekk 35 røyster. Deretter blei forslag nr. 13 satt opp mot forslag nr. 4.

Det blei vedteke å handsame forslag nr. 4 om borgarløn.

Det var laga eit eige elektronisk skjema for innsending av endringsforslag til fråsegnene. Frist for å komme med endringar blei sett til kl. 20:00 for fråsegnene om vestlandsregion, moms og rusmidlar, og til kl. 08:00 søndag for fråsegnene om arbeidsliv og borgarløn.

ÅM-6 Generell politisk debatt

Innleiing ved stortingsrepresentant (parlamentarisk leiar) og nestleiar i Venstre,
Terje Breivik

Lunsj

Sondre Hansmark Persen og Peder Lofnes Hauge tok plass ved møteleiarbordet

ÅM-15 Landsmøtetema 2018/årsmøtetema > Teknologi - moglegheiter og utfordringar

Innleiing om velferdsteknologi ved *Une Tangen* frå KS

ÅM-6 Generell politisk debatt - held fram

Då generell politisk debatt starta opp fekk desse ordet først:

Idun K. Bortne, leiar Hordaland Venstre, 5 minutt

Anne-Beth Njærheim, gruppeleiar i fylkestinget, 5 minutt

Agnes Hoshovde Bernes, leiar Hordaland Unge Venstre, 5 minutt

Kari Østervold Toft, leiar Hordaland Venstrekvinnelag, 5 minutt

Vidare hadde følgjande ordet til debatt (taletid vart sett til 2 min): Erling Birkeland, Gunn-Vivian Eide, Erlend Horn, Astrid Hårstad, Jens Håkon Birkeland, August Simonsen, Ingemar Stirling Gundersen, Vegard Løknes, Torstein Gunnarson, Ragnhild Handeland, Kjell Alvheim, Ingebjørg Winjum, Grete Line Simonsen, Julie Andersland, Åsta Årøen, Kristian Østrem, Bjørn Tore Sund, Tove Kristin Sleire Tistel, Christer M.L. Bendixen, Rolf Nesheim, Njaal H. Neckelmann, Peder L. Hauge, Sondre H. Persen, Geir Angeltveit, Petter Sexe Ulriksen, Marius André S. Solberg, Harald Queseth, Grete Kvilvang, Kristian Østrem, Geir Angeltveit (replik).

Kaffipause

ÅM-15 Landsmøtetema 2018/årsmøtetema > *Teknologi - moglegheiter og utfordringar*

Innleiing ved *Anders Haugland*, adm.dir. Bergen Teknologioverføring

ÅM-8 Val av fylkesstyre og revisorar

Valnemnda hadde før møtet komme med følgjande innstilling på nytt fylkesstyre:

Fylkesstyre - veljast for to år

Leiar:	<i>Delt innstilling</i>	
	Åsta Årøen, Bergen (attval, ny i dette vervet)	4 røyster i nemnda
	Idun Bortne, Bergen (attval)	3 røyster i nemnda
1. nestleiar:	Geir Angeltveit, Stord (ny)	
2. nestleiar:	<i>Delt innstilling</i>	
	Rolf Nesheim, Lindås (attval)	5 røyster i nemnda
	Åsta Årøen, Bergen (attval, ny i dette vervet)	2 røyster i nemnda
Styremedlemmer:	(Alle attval)	
	Ingrid Bjørke Nisamjan, Kvam	
	Ronny Knudsen, Askøy	
	Ingebjørg Winjum, Granvin	
	Turid Sletteland, Bergen	
Varamedlemmer:		
	1. Bård Mangerøy, Radøy (attval)	
	2. Bjørn Tore Sund, Osterøy (ny)	
	3. Pia Kleppe Marken, Sund (attval)	
	4. Alf Helge Greaker, Bømlo (attval)	
	5. Elizabeth Toft Erichsen, Sund (attval)	
	6. Anders Kristoffer Oppheim, Ulvik (ny)	
	7. Guro Betten, Stord (ny)	

Leiar av valnemnda, Jostein Osnes var ikkje til stades på årsmøtet grunna sjukdom og Ingrid Sponheim presenterte innstillinga på vegne av fleirtalet i nemnda.

Bjørnar Hamre gjorde greie for dissensane.

Åsta Årøen informerte om at ho ikkje stiller til val på nestleiarplass, bare som leiar.

Det blei opna for spørsmål til valnemnda, men ingen ønskte ordet.

Til leiarvervet var det nå tre kandidatar, då sittande 2. nestleiar Rolf Nesheim også hadde meldt seg på i tida før årsmøtet.

Leiarkandidatane Åsta Årøen, Idun K. Bortne og Rolf Nesheim heldt sine kandidatpresentasjonar.

Birgitte Hjertaas heldt støttetale for Åsta Årøen, Kent Are K. Petterson for Idun K. Bortne og Ingebjørg Winjum for Rolf Nesheim.

Det blei opna for spørsmål til kandidatane, anten til alle eller til ein/to av dei.

Følgjande hadde spørsmål: Pia K. Marken (alle kandidatane svarte), Kristian Østrem (Idun og Åsta svarte), Kjell Alvheim (alle svarte), Jo Lerheim (Rolf svarte), Sveinung Toft (alle svarte), Ragnhild Handeland (Rolf svarte), Julia Kristoffersen (Rolf svarte), Torstein Gunnarson (alle svarte), Lene H. Søvik (alle svarte), Ingrid N. Fjeldstad (alle svarte).

Etter spørsmålsrunden tok Ronny Knutsen ordet.

Forslag frå Gunn-Vivian Eide: gjennomføre ei prøvevotering med påfølgjande kort pause før valet.

Forslaget blei vedteke.

Det blei gjennomført ei prøvevotering der Åsta fekk 32 røyster, Rolf 28 røyster og Idun 46 røyster.

Kort pause

Etter prøvevoteringa valde alle kandidatane å fortsetje

Før valet blei alle røysteføre i salen talt opp. Det var 107 røysteføre i salen.

I første valomgang røyster 34 på Åsta, 24 på Rolf og 48 på Idun. Ei røyst er blank.

Kandidaten med færrest røyster fell ut.

I andre valomgang røyster 55 på Åsta og 52 på Idun.

Åsta Årøen valt som leiar.

Geir Angeltveit valt som 1. nesteiar.

Kjersti Vevatne tok ordet og lanserte Bjørn Tore Sund som kandidat til andre nestleiar.

Rolf Nesheim trekte sitt kandidatur.

Bjørn Tore Sund valt som 2. nestleiar.

Ingrid Bjørke Nisamjan, Ronny Knutsen, Ingebjørg Winjum og Trude Sletteland valde som styremedlemmer.

Som varamedlemmer blei alle dei innstilte valde, i prioritert rekkjefølgje.

Merknad: Bjørn Tore Sund blei tidlegare valt som nestleiar, og kan ikkje på same tid vere 2. varamedlem. På søndag gav årsmøtet tilslutning til at ein løyser dette med at varamedlemmene nr. 3 til nr. 7 rykker opp ein plass. Totalt då bare 6 på varalista.

Revisorar - veljast for to år.
Valnemnda hadde innstilt følgjande:

Siri Kristoffersen Hamre, Bergen (attval) og Tore Rykkel, Os (ny)

Dei innstilte blei valde som internrevisorar.

Slutt for dagen 19:00

Søndag

Møtet starta 09:10

Pia Kleppe Marken og Idun Bortne tok plass ved møteleiabordet

Kulturelt innslag ved Geir Angeltveit - allsong

ÅM-13 Fråsegner

Alle innkomne endringsforslag var sendt ut på e-post til delegatane før møtestart.
Leiar av redaksjonsnemnda Åstå Årøen gjorde greie for innkomne endringsforslag og arbeidet til nemnda.

Følgjande hadde ordet i debatten: Geir Angletveit, Stian Skår Ludvigsen, Kjell Alvheim, Erlend Horn, Geir Angeltveit (replikk), Erlend Horn (svarreplikk), Julie Andersland, Geir Angeltveit (r), Julie Andersland (sr), Erling Birkeland, Kjell Alvheim (r), Erling Birkeland (sr), Idun K. Bortne, Geir Angeltveit (r), Kjersti I. Vevatne (r), Idun Bortne (sr), Njaal Neckelmann, Geir Angeltveit (r), Njaal Neckelmann (sr).

Handsaming og votering:

Fråsegna «Hordaland Venstre krever at regulering av rusmidler utredes».

Ingen innkomne endringsforslag.

Fråsegna blei vedteke

Fråsegna «Utgreiing av samfunnsløn no!»

Ingen innkomne endringsforslag.

Fråsegna blei vedteke

Fråsegna «Ein sterk vestlandsregion»

Votering på innkomne endringsforslag:

Forslag 1a (frå Geir Angeltveit) og 1b (frå Sveinung Toft) var like strykingsforslag.

1a – forslaget fall og 1b fall som konsekvens

Forslag 2 – tilleggsforslag (frå Geir Angeltveit), nytt kulepunkt - blei vedteke

Heile fråsegna «Ein sterk vestlandsregion» blei vedteke med den eine endringa.

Fråsegna «Ut med moms, inn med bærekraft»

Det var eitt endringsforslag - tilleggsforslag (frå Geir Angeltveit).

Tilleggsforslaget blei vedteke

Heile fråsegna «Ut med moms, inn med bærekraft» – blei vedteke med denne endringa.

Fråsegna «Terskelen til arbeidslivet må senkast»

Votering på innkomne endringsforslag:

Forslag 4 – heilskapleg endringsforslag (frå Tobias Bashevkin) – blei vedteke

Forslag 5 til 8 (frå Stian Skår Ludvigsen) -

5 – redaksjonelt

6 – redaksjonelt

7 – fall som konsekvens av at forslag 4 blei vedteke

8 – gjekk ut på å stryke heile fråsegna > utsett til endeleg votering over fråsegna

9 – tilleggsforslag (frå Geir Angeltveit) – blei vedteke

10 - (frå redaksjonsnemnda) redaksjonelt

Heile fråsegna «Terskelen til arbeidslivet må senkast» blei vedteke med desse endringane

Sjå Vedtekne fråsegner

10 min pause

ÅM-10 Organisasjonsdebatt - Orientering om valkampevalueringsrapport

Rapport og valkamprekneskap var sendt ut som eigne dokument

Leiar for valkampevalueringsutvalet, Frode Nergaard Fjeldstad la fram valkampevalueringsrapporten.

Følgjande hadde ordet i debatten: Kristian Østrem, Eivind Tokheim, Idun Bortne, Stian Skår Ludvigsen, Erling Birkeland, Terje Breivik, Kjell Alvheim, Ingrid Nergaard Fjeldstad, Gunn-Vivian Eide, Tore Rykkel, Anne-Beth Njærheim, Rolf Nesheim, Geir Angeltveit, Astrid Knutsen Hårstad og Christer M L Bendixen.

ÅM-16 Vedtak av intensjon om samanslåing med Sogn og Fjordane Venstre, og fleire tilslutta saker som gjaldt organisasjon

Idun K. Bortne orienterte om at det er naturleg å ta debatten kring og handsaminga av fleire saker samtidig fordi dei heng saman med sak ÅM-16 Intensjon om samanslåing av fylkeslag. Dette gjaldt ÅM-9 Vedtektsendringar, ÅM-11 Kontingent 2019, ÅM-12 Budsjett 2018 og ÅM-10 Vedtak av Handlingsplan 2018-19.

Følgjande hadde ordet til debatt om organisasjon: Jo Lerheim, Alf Helge Greaker, Erling Birkeland, Frode Fjeldstad, Heine Johansen, Njaal Neckelmann, Kari Østervold Toft, Eirik Natlandsmyr, Frode Fjeldstad, Grete Kvilvang og Kjell Alvheim

ÅM-16 Vedtak av intensjon om samanslåing med Sogn og Fjordane Venstre

Sjå bakgrunn for saka i Møtebok 2

Fylkesstyret hadde saman med styret i Sogn og Fjordane Venstre kome med følgjande forslag til vedtak i saka:

1. Årsmøtet sluttar seg til intensjonen om å slå saman fylkeslaga.
2. Årsmøtet gir interimstyret oppdraget med å forberede eit endeleg vedtak i februar 2019, om samanslåing av fylkeslaga til Vestlandet Venstre, med verknadsdato og rekneskapsdato frå 01.01.2020.
3. Årsmøtet sluttar seg til etableringa av felles program- og nominasjonsnemnd.
4. Årsmøtet sluttar seg til at det vert arrangert felles program møte og felles nominasjonsmøte for begge fylkeslaga.

Sogn og Fjordane Venstre hadde årsmøte samtidig med vårt og skulle same dag gjere likelydande vedtak.

Under handsaminga i Sogn og Fjordane kom det opp to korte tilleggsforslag som begge blei vedteke av årsmøtet deira. Tilsvarande måtte også handsamast i vårt årsmøte.

Forslag til nytt punkt 5: «Fylkesårsmøta i 2019 tek stilling til korleis nominasjonen til Stortingsvalet i 2021 vert gjennomført.»

Forslag til nytt punkt 6: «Hordaland Venstre legg til grunn at vedtektene vert på nynorsk»

Punktvis votering.

Alle punkta i samanslåingssaka blei vedteke.

ÅM-9 Vedtektsendringar

Vedtektene kan berre endrast av fylkesårsmøtet når minst to tredelar røystar for det.

For å sikre ein felles nominasjons- og programprosess med Sogn og Fjordane Venstre før dei to laga formelt blir slått saman til eitt fylkeslag, hadde fylkesstyret sett det nødvendig med nokre vedtektsendringar. Endringane gjekk på at dei to fylkeslaga skal ha felles nominasjonsnemnd, felles programnemnd og felles program møte. Fylkesstyret gjorde også framlegg om at ein paragraf om samanslåing frå normalvedtektene for fylkes- og regionlag blir teke inn. Det var i alt 4 endringsforslag frå fylkesstyret.

Endringsforslaga var sendt ut til lokallag og sideorganisasjonar ein månad før årsmøtet.

Alle vedtektsendringane blei samrøystes vedteke. Sjå Møtebok 2

ÅM-10 Vedtak av handlingsplan

Fylkesstyret hadde kome med eit forslag til handlingsplan for 2018 og 2019.

I løpet av årsmøtet kom delegat Jens Håkon Birkeland med ei nynorskutgåve av planen.

Det kom i løpet av debatten nokre tilleggsforslag til handlingsplanen.

Det kom eit forslag til siste side i planen (s. 23 i møteboka), tillegg i avsnittet om **Sideorganisasjonane**: "... og vil arbeide for å sikre sideorganisasjonane like god representasjon i vedtektene til det framtidige Vestlands-Venstre, som dei har gjennom Hordaland Venstre sine vedtekter"

Forslaget blei vedteke.

Forslag frå Alf Helge Greaker: - til side 20 i møteboka, endring og tillegg til siste kulepunkt i avsnittet om **Organisatoriske fokus for perioden**: Kulepunktet endrast til "Stimulere til auka deltaking på arrangement som lokalpolitisk nettverk og Landskonferansen"

Forslaget blei vedteke.

Forslag frå Hordaland Venstrekvinnelag:

"Fylkesårsmøtet ber fylkesstyret utvikle eit rammeverk for å setje organisasjonen i stand til å handtere vanskelege mellommenneskelege saker som kan oppstå i partisamanhengar".

Forslaget blei vedteke.

Heile handlingsplanen for 2018-19 blei vedteke med desse endringane. Sjå Møtebok 2

ÅM-11 Vedtak av kontingent 2019

Fylkesstyret sitt forslag på ein tilleggskontingent på 100 kr blei vedteke. Sjå Møtebok 2

ÅM-12 Vedtak av budsjett 2018

Fylkesstyret sitt forslag til budsjett for 2018 blei vedteke. Sjå Møtebok 2

Ingrid Nergaard Fjeldstad og Idun Bortne tok plass ved møteleiabordet

ÅM-15 Landsmøtetema 2018/årsmøtetema > Teknologi - moglegheiter og utfordringar

Innleiing ved *Mikal Kvamsdal*, medlem av Venstre sitt teknologiutval framfor LM. Teknologiutvalet har utarbeidd eit første utkast til landsmøteuttale på temaet.

Kvamsdal oppmoda møtedelegatane til å komme med innspel til temaet og førsteutkastet til uttale. Innspel sendast til thomas.lien@venstre.no

ÅM-17 Val av redaksjonsnemnd for neste årsmøte

Idun Bortne gjorde greie for innstillinga frå fylkesstyret. Det skal veljast leiar, to medlemmer og to varamedlemmer.

Fylkesstyret sitt framlegg til **Redaksjonsnemnd for fylkesårsmøtet i 2019:**

1. Geir Angeltveit, fylkestingsgruppa
2. Julie Andersland, byråd i Bergen
3. Gustav Folkestad, kommunestyrerepresentant i Fusa

Ein av desse veljast som leiar.

Vara: Ingrid N. Fjeldstad og Torstein Gunnarson

Alle dei innstilte blei valde.

ÅM-14 Val av nominasjonsnemnd

Idun Bortne gjorde greie for innstillinga frå fylkesstyret.

I følge vedtak i sak ÅM-16 Intensjon om samanslåing med Sogn og Fjordane Venstre skal det veljast 3 medlemmer frå Hordaland til ei felles nominasjonsnemnd med Sogn og Fjordane Venstre. Det skal også veljast personlege vara.

Fylkesstyret si innstilling til **nominasjonsnemnd** - frå Hordaland veljast:

Medlem

1. Peder Lofnes Hauge, Bergen
2. Ingebjørg Winjum, Granvin (Voss)
3. Synnøve Handeland, Kvinnherad

Personleg vara

1. Astrid Hårstad, Bergen
2. Pia Marken Kleppe, Sund (Øygarden)
3. Alf Helge Greaker, Bømlo

Alle dei innstilte blei valde.

ÅM-14 Val av landsmøteutsendingar 2018

Venstre sitt Landsmøte finn stad 13. - 15. april på Jessheim

Kari Østervold Toft gjorde greie for valnemnda si oppdaterte innstilling etter valet av nytt styre.

Følgjande hadde ordet i debatten: Geir Angeltveit, Kristian Østrem, Tore Rykkel, Frode Nergaard Fjeldstad, Peter Sexe Ulriksen, Astrid Knutsen Hårstad, Rolf Nesheim, Ingrid Nergaard Fjeldstad, Eivind Tokheim, Vegard Løknes, Erling Birkeland, Kristian Østrem, Geir Angeltveit og Idun K. Bortne.

Innstilling på **Landsmøteutsendingar frå Hordaland Venstre 2018**

I tillegg til fylkesleiar som reiser på landsstyrekvoten, får følgjande reise:

1. Geir Angeltveit, første nestleiar
 2. Bjørn Tore Sund, andre nestleiar
 3. Ingebjørg Winjum, ordførar, Granvin
 4. Julie Andersland, byråd, Bergen
 5. Anne-Beth Njærheim, gruppeleiar fylkestinget, Bømlo
 6. Agnes Hoshovde Bernes, leiar i HUV, Radøy
 7. Kari Østervold Toft, leiar i HVK
 8. Jo Lerheim, leiar i Bergen Venstre
- Alle valde utan motkandidatar.

9. Jorunn Ytrefjord, formannskapsmedlem, Voss - er for tida i permisjon frå verv
Motkandidat: Elin Seim, Voss
Elin Seim valt.

10. Sveinung Toft, formannskapsmedlem, Lindås
Motkandidat: Heine Johansen, Bergen.
Skriftleg votering.
Heine Johansen valt.

11. Petter Sexe Ulriksen, kommunestyremedlem, Ullensvang - trekte seg
Motkandidat: Anne Marit Buer, Odde
Motkandidat: Guro Betten, Stord.
Skriftleg votering.
Guro Betten valt.

12. Brith Ediassen, kommunestyremedlem, Fjell. Valt

13. Ragnhild Handeland, leiar i BUV.
Motkandidat: Glenn Erik Haugland, Os
Skriftleg votering.
Ragnhild Handeland valt.

14. Idun K. Bortne, gruppeleiar bystyregruppa Bergen. Valt.

Varaliste:

1. Heine Johansen, nestleiar Bergen Venstre - plass ledig etter at han fekk fast plass
Motkandidat: Sveinung Toft, Lindås
Motkandidat: Galo Austegard, Bergen

Skriftleg votering.
Sveinung Toft valt.

2. Glenn Erik Haugland, kommunestyrerepresentant, Os.
 Tidlegare framsette forslag på motkandidatar (Sveinung Toft og Anne Marit Buer) trekte
Glenn Erik Haugland valt.

3. Anne Marit Buer, kommunestyrerepresentant, Odda
 4. Galo Austegard, Bergen
 5. Geir Kjell Andersland, fylkestingsrepresentant, Bergen
 6. Bjørn Magne Hufthammer, Austevoll
Alle valde utan motkandidatar.

7. Ingrid Nergaard Fjeldstad, nestleiar Bergen Venstre - ønskjer ikkje å reise
 Motkandidat: August Simonsen, Bergen
August Simonsen valt.

8. Jostein Osnes, kommunestyrerepresentant, Etne. Valt.
 9. Astrid Knutsen Hårstad, Bergen, var innstilt på denne plassen, men ønskte å vere sist
 på lista sidan ho er frivilligansvarleg på LM. Forslag på Vegard Løknes på 9. plass.
Vegard Løknes valt.

10. Elizabeth Toft Erichsen, kommunestyrerepresentant Sund. Valt.
 11. Det kom forslag på Knut Eide Løkhammer, Stord. Valt.
 12. Det kom forslag på Alf Helge Greaker, Bømlo. Valt.
 13. Astrid Knutsen Hårstad, Bergen. Valt.

Heile lista over utsendingar og varalista blei vedteke.

Geir Angeltveit kom med eit forslag om at fylkeslaget skal betale for å sende 3 frå varalista
 til landsmøtet som observatørar.

Forslaget fall.

Idun K. Bortne avslutta møtet.

Møtet ferdig 14.50

Utrykte vedlegg til protokollen:

- *Årsmøteinnkalling 2018*
- *Deltakarliste FÅM18*
- *Møtebok 2 FÅM18*
- *Årsmelding HV 2018*
- *Innkome framlegg til fråsegner*
- *Vedtekne fråsegner FÅM18*
- *Valkampevalueringsrapport*